

KOMMISJONSAVGJERD

2011/EØS/35/51

av 15. mars 2006

om skiping av ei gruppe av sakkunnige på høgt nivå som skal gje Europakommisjonen råd om gjennomføring og utvikling av i2010-strategien(*)

(2006/215/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Som nemnt i konklusjonane i kommisjonsmeldinga «i2010 — eit europeisk informasjonssamfunn for vekst og sysselsetjing»⁽¹⁾ (heretter kalla «i2010») vil Kommisjonen styrkje dialogen med aktørar og samarbeide med medlemsstatar om IKT-spørsmål, særleg ved å nytte den opne samordningsmetoden. Det kan difor verte naudsynt for Kommisjonen å få rettleiing og sakkunne frå eit rådgjevande organ med tenestemenn frå medlemsstatane, som er særskilt retta mot det IKT-politiske området.
- 2) Gruppa må medverke til ei effektiv gjennomføring av i2010.
- 3) Gruppa må vere samansett av representantar på høgt nivå frå medlemsstatane, og vere open for observatørar frå tilmeldingsstatar og EØS-statar.
- 4) «Høgnivågruppa i2010» bør difor skipast og mandatet for og samansetnaden av gruppa fastsetjast —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Kommisjonen har skipa ei gruppe av sakkunnige, «høgnivågruppa i2010», heretter kalla «gruppa».

*Artikkel 2***Oppgåver**

Kommisjonen kan rådføre seg med gruppa om alle spørsmål i samband med gjennomføringa av i2010-strategien.

Oppgåvene til gruppa er å

- drøfte strategiske IKT-politiske spørsmål innanfor ramma av i2010 og meir generelt Lisboa-dagsordenen, vurdere kor effektiv i2010 er og kome med synspunkt og råd

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 80 av 17.3.2006, s. 74, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2007 av 28. september 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Telekommunikasjonstjenester), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 9, 21.2.2008, s. 29.

(¹) KOM(2005) 229 endeleg utgåve.

om moglege betringar og tilpassingar av i2010-tiltak på grunnlag av gjennomføringa av i2010-strategien og den politiske utviklinga,

- danne eit forum for strategiske drøftingar og utveksling av røynsler, der alle kontora til Kommisjonen tek del, og
- utveksle synspunkt om saker som gjeld dei nasjonale reformplanane på område som er omfatta av i2010, i samband med arbeidet for å stette måla i Lisboa-strategien.

*Artikkel 3***Samansetnad – oppnemning**

1. Gruppa skal vere samansett av ein representant frå kvar medlemsstat og frå Kommisjonen. Representantane frå medlemsstatane kan få hjelp av kollegaer med særskild kunnskap om det emnet som vert drøfta, utan at det rører ved dei reglane som gjeld for refusjon av møteutgifter. Representantane skal vere tenestemenn på høgt nivå som arbeider med informasjonssamfunnsspørsmål på nasjonalt plan, og som er i stand til å sikre høveleg samordning mellom dei nasjonale offentlege styresmaktene på dei ulike områda som er omfatta av i2010-strategien.

2. Kommisjonen kan tillate at observatørar frå EØS-statar og tilmeldingsstatar tek del. Desse observatørane er oppnemnde i samsvar med kriteria i nr. 1.

3. Medlemsstatane, EØS-statane og tilmeldingsstatane skal gje Kommisjonen namna til og kontaktopplysningane om dei personane som dei har oppnemnt, og melde frå om eventuelle seinare endringar.

4. Namna til dei medlemmene som er oppnemnde, skal offentleggjerast på nettstaden for i2010 (www.europa.eu.int/i2010). Medlemsskapslista vil verte ajourført av Generaldirektoratet for informasjonssamfunnet og medium kvar gong medlemsstatane melder frå om endringar.

*Artikkel 4***Verkemåte**

1. Gruppa skal leiast av Kommisjonen.

2. Etter samråd med gruppa kan Kommisjonen skipe undergrupper som skal handsame særskilde spørsmål innanfor ramma av det mandatet som er fastsett av gruppa, og desse undergruppene skal oppløysast så snart mandatet deira er vorte stetta.

3. Kommisjonen kan be sakkunnige eller observatørar som har særskild kompetanse innanfor eit emne på dagsordenen, om å ta del i drøftingane til gruppa eller undergruppa dersom det vert rekna som nyttig og/eller naudsynt.

4. Opplysningar frå drøftingane til gruppa eller undergruppa skal ikkje spreiiast dersom Kommisjonen meiner at det dreier seg om fortrulege opplysningar.

5. Gruppa fastset møteføresegnene sine på grunnlag av standardmøteføresegnene⁽¹⁾.

6. Kommisjonen kan offentleggjere alle samandrag, konklusjonar, delar av konklusjonar eller arbeidsdokument som gruppa utarbeider.

Artikkel 5

Møteutgifter

Kommisjonen skal i samsvar med gjeldande føresegner i Kommisjonen, refundere reise- og opphaldsutgifter for medlemmer, sakkunnige og observatørar i samband med verksemda til gruppa. Arbeidet til medlemmene skal vere utan vederlag.

Møteutgifter vert refunderte innanfor ramma av dei løyvingane som er tildelte den aktuelle avdelinga under den årlege tildelinga av midlar.

Artikkel 6

Iverksetjing

Denne avgjerda skal nyttast frå den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast fram til 31. desember 2010. Kommisjonen skal ta avgjerd om ei eventuell lenging før den nemnde datoen.

Utferda i Brussel, 15. mars 2006.

For Kommisjonen

Viviane REDING

Medlem av Kommisjonen

⁽¹⁾ Vedlegg III til SEK(2005) 1004 av 27. juli 2005.